Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39. | Fylke: Möre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hareid

Emne: Högtidsmat ved familjefestar. | Bygdelag: Indre Hareidsdal

Oppskr. av: Ludv. K. Holstad | Gard: Holstad

(adresse): Hareid | G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, noko, og noko etter

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): gamle folk, 70 – 80 åringar her frå bygda.

SVAR

A. Födselen.

1. Å koma med mat til barselkona har vore skikk frå gamalt av, og er det den dag i dag. Det var kjerringane på garden, ikkje alle, men iallfall dei som var næraste grannar. Og so kom dei ein og annan av slekta, ogso, dei som budde langt ifrå. Men dei siste var ikkje so visse som næraste granne= konene.

2. Dei kom helst einskilde, men det hende seg stundom at dei vart ei eller fleire på same tid, av di dei ikkje visste om kvarandre. Dei ville helst ikkje koma meir enn ei i gongen.

3. Eg trur ikkje det var vanleg, men stundom hende det nok at dei sam= snakkast om sengamaten, so det kunne verta meir skifte på det. Men det er vel helst no i seinare tid. I min barne= dom, og för den tid, var det berre graut dei gjekk med.

4. Barselkona skulle helst vera ei 6–7 dagar gamal för nokon kom med

8453

sending, fortil dei eldste og har snakka med. Men so måtte dei heller ikkje sikre seg framfor sengastonn før dei var nesten 14 dag gamle. Dette var før. No er det annorleis. Dei som no gir sengamat lagar ei eller anna fin kake, eller kjöper noko med bakaren. So går dei med det eller sender det. Graut er det sjeldan dei brukar til barselmat no. Kanskje sommen kjem med smörbröd med fint pålegg. Elles har all slik barselsending teke mykje av i desse siste åra.
Sonakona mi fekk barn no i haust. Svigermora (kona mi) ville gjerne sende noko til henne, og bad ei dotter som er heime om ho ville gå med litt barselmat. Ho kunne ikkje gå sjölv då ho er sjuk og ligg tilsengs alltid.
„Nei, pöh! Slikt gamalt tull", var svaret. Slik er tankane åt dei unge.

5. Berre 1 gong, men dei sende også ofte mjölk omframt til dei som ikkje hadde denne vara.

6. Oftast var det graut før i tida, men det hende også at dei gav löfser og vaffelkaker, fortil dei gamle.

7. Dei sende berre ein gang det som dei kalla for „sengjamat."

8. I dreia treskåler eller trefat i eldste tid 60-70 åra. Seinare i blåblomstra kummar eller fat av steintøy.

9. Dei sa omtrent berre „sengjamat" før, og det er sikkert det jamnast brukte no og.

8453 10. Nesten alltid var det kona sjölv som

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

gjekk. Berre når det var eitt eller anna som hindra henne kunne dei senda tenestgjenta eller eitt anna kvinfolk på garden. Dette var før. No, når dei helst berre tingar noko med bakaren då ser eg dei stundom ogso sender ein barnsunge avstad.

11. Når eg spør gamle koner om det ikkje ogso gjekk an å senda mannen med sengamaten, eller han kunne fylgja med kona si, då berre smiler dei: „Nei, det gjekk nok ikkje an". Noko "usømmeleg" var det nok ikkje solis, men karfolka ville blygast ved det, for det høyrde ikkje til vanleg skikk.

12. Ja, sendingsfolket fekk traktering både før og no. Dei som kom med graut fekk kaffi og kaker. Men før kaffien kom i bruk fekk dei øl og løfser. Ofte fekk dei ogso dram (før 1880). Ei gamal kone fortalde meg at barselkona hadde brennevinsflaska ståande undved høy=enda (hovudputa). So skjenkte ho dram til dei som kom med sending, men ho visste ikkje om ho drakk av flaska sjølv. Men den som var der og passa henne (nærkona), fekk dram og dertil smurde ho brennevin på underlivet åt henne som låg. Men dette er lenge sidan. Minst 60-70 år. Det er fortalt om ein mann her frå bygda at han kom inn til kona si med brennevinsflaska og ville skjenke henne når ho hadde fått sin førstefødde. Då vart han nekta av Jordmora. Ho tok frå han både flaska

8453

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og glaset. Dette var so vint som i 90 åra. Men det kan kanskje tydast slik at i eldre tid skjenkte dei brennevin ogso til barselkona straks etter ho hadde fött.?

Det var ingen skilnad på trakteringa anten det var gut eller gjente.

13. Nei, her har visst inkje vore noko serskilt namn på denne trakteringa, i allfall inkje i vinnar tid.

14. Nei. Barsöl hadde dei berre når barnet var döypt.

15. Ja, dinnare var det vel slik för at dei gjekk berre til gifte mödre.
Eg trur at dette ogso har endra seg mykje i dei siste 20–30 år. Det har vorte ei meir human innstilling i mange ting.

16. Alt i mellomkrigstida vart det skifte på desse skikkane. Det vart meir og meir slutt med grauten, og ymse sortar kaker kom istaden. Konditorkaker eller heimelaga.
Men no etter siste krigen, og serleg dei aller siste åra, no ser det ut til å gå ut meir og meir med noko slag matsending i det heile. Dei kjöper eller lagar ein liten ting til barnet, (ei hue, sokkar o.l.). Dette kjem vel ogso mykje av at so mange födande mödre vert lagde inn på klinikk, og der kan slekt og grannar vanskeleg nå i dei. Blomstersending har det auka mykje med dei siste åra.

17. Ja, stundom. Eitt lite stykkje Ly

8453
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eller liknande.
18. Det aukar på med slike små gåver, men minkar med matasending.
19–23. Ja, og der var altid faddrane med, og eller dei som høyrde til i huset, dyskan og hestefolka. Vi kalla dette selskapet for „faddarselskap" eller „faddargilde". Før i tida sa dei kanskje meir „Barsel", og ofte seier vi det no og. Sjeldnare brukar vi ordet dåpsselskap eller dåpsgilde. Sendingar gjekk dei med før og, men det var helst mjølk til slike som ikkje hadde dette. Eg trur ikkje det var skikk å senda mat til eitt faddargilde i gamle dagar. Men no for tida sender dei ofte eit eller anna matslag, bløtekaker, skuffekaker eller konditorkaker frå bakarn. Då sender dei det antin laurdag kveld før barnet skal til dåpen, eller sundag føremiddag.
Nokon serr fast matrett i eit slikt faddargilde var det ikkje. Det var (og er) som vanleg helgamat. Men sendingane har ingen fast skikk eller regel. ~~[illegible]~~ Eg trur nok at ho som bar barnet oftast gav ein liten ting, om ikkje dei andre fadrane gjorde det. Men ei lita faddergåve i pengar var nokso vanleg både før og etter 1900. Då hugsar eg at dei rekna ei faddergåve sålag til Kr. 2.00. Difor kalla dei også stundom dei gamle 2 kronestykkja for ei „faddergåve". Dette siste vart det slutt når dei tok etter den nye byskikken å hava konfir-

8453
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

misjonsselskap.

# Alle desse gamle festskikkane som har fylgt oss „frå vogga til gravi" har no smått om senn gått opp i liminga, og anten vorte heilt vekk, ~~utan~~ eller ogso for= andra seg so mykje at dei er ikkje til å kjenne att. Nye skikkar frå byane har trengt seg inn i bygdelivet alle stader, men mest her ute med sjøen der folkeferdsla er störst.

B. Fødelsdag.

24. Nei, vi visste ikkje av noko högtiding av fødelsdagane i min barndom i 80-90 åra, korkje for born eller vaksne. Först etter första verdskrig tok vi til å merke denne skikken her i vår bygd, mest for vaksne og eldre i huslydane, seinare kom borna ogso med.

25. Det er so ymse med dei vaksne, men helst er det ved runde tal at dei held noko sers selskap. Men det kan nok vanke ei blåtkake eller ein annan god= bit ogso ved eit vanlegt årsmål i somme huslydar.

26. I vanlege familjer (bonde og fiskar) var det ikkje snakk om å gå ubedd. Ein kunne sende ei gåve men rekna seg ikkje dersom ein ikkje vart bedd. Desse synsmåtane har endra seg i seinare tid. Millom finfolket i bygda (Storfolkjet, dei kondisjonerte) lensmann handelsmann fabrikkeigar og slike, der vart det meir og meir skikk å gå med gåver ubedd. Sidan har det vorte mykje vanleg ogso millom oss „småfolket".

8453

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Men storparten, iallfall millom dei eldre, når ~~no endå~~ ennå den skikka at ein går ikkje i slike åremålsgilde utan ein vert boden.

27. Ja det har etterkvart vorte ei fast skikk å gi gåver, både dei bodne og dei ubodne.

28. Nei eg veit ikkje om det.

29. Ja, Sjokolade med kringle og blötkake er det jamnt vore, men eg veit ikkje om eg har sett blötkake med ljos på. Men det kan vel ha vore brukt her i bygda likevel om ikkje eg har sett det.
Men kaffi og smörbröd med alle slag flotte pålegg og ~~til~~ endå til löfser, og Hardingar (Hardinglöfser eller Hardingkaker) og mange sortar småkaker. Og til slutt ein eller fleire sortar dessert. Ja slik er det no alle stader. Sjölvsagt er det litt skilnad. Det er ikkje like flott og storsvart i alle heimar. Men det er slik vil du fylgja med so heng på.

C. Konfirmasjon.

30. Konfirmasjonen vart ikkje högtida med noko selskap eller framifrå traktering i min barndom og ungdom og ikkje för den tid heller. Matstellet den söndagen var som ein annan vanleg preikesöndag. Först kring verdskrigen 1914–1918 tok vi til å merke litt meir selskap og gjestering ogso ved denne dagen.

31–35. Frå kring 1920–1930 kan ein seia at det har vorte fast skikk med konfirmasjonsgilde. Ingen vert bedde.

8453

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det er faddrane som skjem etter dei har vore i kyrkja. Og faddrane må sjølv passe på når dåpsbarnet deira skal konfirmerast. Då sender dei gåver laurdag og skjem i selskapet söndag. Dersom foreldra til konfirmanten ynskjer nokon annan enn faddrane i högtida, so vert dei bedde. Men det er ikkje vanleg å be kyrkjelærar eller prest. Er det nokon andre enn faddrane som sender gåver kan dei verta bedne i eit lite etterselskap dagen etter. Det er ogso brukeleg med sendingar med mat eller mjölk og fløyte. Blötkaker eller skuffekaker og kringler er det vanlege.

Gåvene til konfirmanten er eit kapittel for seg. Det har ein tendens til å auke frå år til år med sylv og med gull, so det snart vert vel mykje å greida for mange. Ei nedskjering var snart turvande.

D. Bryllaup.

36-37. Nei, ingen av dei eldre hugsar noko om festaröl eller forlovingsgilde. Har det vore skikk nokon gong her i våre bygder so må det vera lenge sidan. Vi har ikkje höyrt gjete det.

38. Frå 1896 til 1901 var eg i 3-4 bryllaup med slekta mi her i bygda og i ei granne=bygd. Det eg hugsar frå desse festane skal eg her fortelja. Dei varde ikkje so mange dagar, men der var mykje folk samla, 2-300 menneskje i kvart. Men mykje av dei eldste skikkane frå dei gamle

8453

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

skålbryllaupsa var alt avlagde so langt ut i 1890 åra. Elles var rusdrikken bannlyst i mange av desse storbryllaupsa her i bygda. Berre i eitt eller to slike har eg vore i der det var öl og brennevin på ekte gamal vis. Og det var ingen moro. Det er stygge minne.

Laurdag ettermiddag tok folket som hadde lengste vegane til å koma. Det var slekt og kjenningar frå avsides gardar eller frå andre bygdelag. Desse skulle ha nonsmat laurdag i 5-6 tida eller litt för. Dei kom med kvar sine sendingar, dersom det var huslydar og gifte karar og kvende. So ~~fann~~ vart dei sessa tilbords attmed langebord. Maten var löfser av rug og havremjöl iblanding med litt sikta rugmjöl. So var det tjukke digre skiver skorne av 2 sortar kake, vörterkake og krotakake (brudakake). Kanskje var der ein 3dje sort kake og av finare mjöl, eller det kunne vera det som dei kalla skillingskake. So var det både ein og to brödsortar, langebröd halvfint og eitt av finare mjöl. Somme stader bruka dei ogso vaffelkaker. Smör (heimesmör gardsmör) og söst på maten. Vaffelkakene og smöret og sösten var sendingar frå gardane og frå slekta. (Desse sendingane skal eg fortelja om seinare). Löfsene var likeeins ~~ogso~~ sending frå gjestane men i bryllaupsgarden hadde dei ogso bakt mykje löfser.

Drikken var kaffi. No var det slutt med ölet. Avhaldssaka hadde alt fått innpass i bygda, og serleg på denne garden. Kaffien var kjöpt ubrend, og bruda hadde

8453

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

stått i fleire dagar og brendt bognene i ei gryte. Brend kaffi var ael ikkje å få den tida.
Attåt desse kake og brödsortane som er nemnde framanfor hadde dei ogso kavring og kringle (rugkavring). All mat framsett på store fat av steintøy eller i store dreia skåler og fat av tre.
Dette var laurdag i 5 tida etter middag
Men næraste grendafolket dei var ikkje komne enno, dei kom ikkje for til kveldsmaten. Difor gjekk folk frå brudlaupsgarden med sending til desse næraste grannane.
Ei slik sending til ein huslyd hadde desse matasortane: 1 löfse, eit stort stykke av 2 sortar kake, 1 stort stykke av 2 sortar bröd, og 1 kavring og 1 kringle. Löfsa låg under og det andre låg opp på löfsa.
Dette kallast ein bite. Og på kvar slik bite var det 7 sortar mat. Det var ei uskriva lov i bygdaskikken. Og kvar vaksen person i huslyden fekk ein slik bite.
Alle kake og brödsortane i desse bryllaupa i 1890 åra var kjöpt frå byen eller med bakar i bygda. Kavringane og kringlene ogso.

Laurdag kveld.

Då kom grenda=folket, og dei kom med sendingar.
Det kunne skilje mykje på storleiken og „gromheita" med desse sendingane, men mest vanleg var dei vel slik: 1 smör=slag, d.v.s. pålag 1 kilo heimekinna smör i ei krotaform (utskora treform). So tok dei smöret ut av forma og sette det fram på

8453

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

bordet i bryllaupsgarden. 1 fat söst, pålag 1 kilo venleg det og. Dertil eit lite bad med löfser frå 4–5 til 8–10 stk. i kvar sen=ding. Og so ofte ~~ogso~~ nokre vaffelkaker. Om dei ogso hadde med seg potetkaker i sendinga, veit eg ikkje.

No var folket komne til gards, og först no kenna dei at bryllaupet var „tisett."

So var det kveldsmat. Det var fisk fersk eller klippfisk (torsk) lange, brosme eller småtorsk, dersom det var nyfiska. Poteter og flatbröd (kugstabröd) brote ihop ein gong under steikinga. Mjölkesupe (av byggmjöl eller grynmjöl og mjölk) attåt. Öl på bordet til kvart mål og mellom måla fram til kring 1890. Men ikkje i dei bryllaups eg skildrar her.

Söndag morgon gjekk dei med morgonbite til alle av bryllaupsfolket som ikkje fekk plass i garden, men låg rundt på gardane. Desse bitane hadde same mengda og same sortane som i sendinga laurdags kvelden.

Dei som låg i br. garden fekk bitane fram på bordet etla akkurat som det dei gjekk rundt med.

Söndag middag. Fersk kjöt kokt som sodd med flatbröd attåt.

Söndag non. Som laurdag non, men ofte hadde dei då litt finare brödsortar.

Söndag kveld, som laurdag kveld.

Måndag omtrent som söndag, men då var det brudagraut til middag. Oftast kveitemjölsgraut med mykje smör=feitt, og mjölk til. (För var det byggmjölsgraut.)

Grauten var fast rett fram til ca 1910.

8453
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Oftast var desse bryllaupa slutt måndag kveld. Men stundom varde dei ogso til tysdag middag. Matamåla vart det same.

Når so folket for kvar til seg, fekk dei „brūdabiten" med seg heimatt. Det var same sortane og same mengda pålag som dei sendingane dei gjekk rūndt med söndag morgon. Men helst var vel brūdabiten litt raūslare til teke liksvel. Det var då dei skar störste stykkja av „brūdakaka" (kratakaka).

Med same gjestane for heimatt hadde hjelparane ei lita kosestund med traktering for seg sjölve.

41. Nei, „bemannen" eller dei som gjekk rūndt og ba til bryllaupa gjorde innkje noko anna enn å be folket. Å be ihop kjöt er innkje kjent her i bygda av dei som no liver. Men dei sende rūndt ei „be kjerring". Ho ba ihop mjölk og skaffety (senir og skei) og so sengklede til dei som skulle liggje på flatseng i bryllaupsgarden

42. Eg går ūt frå at det er den vanlege matsending som er meint, og den hadde vi innkje noko anna namn på enn „Sending".

43. Kona på garden tok sendinga med seg i ei korg når ho laurdag kvelden gjekk til br. garden.

44-45. Er innkje kjent her.

46. Dei som stod for og styrte med all bröd og kakematen, og likeins sendingane til og frå br. garden kalla vi „Brūdakjerring" Namnet kjem vel av at dei oftast helst til

8453
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med dette matastyret i „Būda" (Stabbūret).
Den andre maten, den som skulle kokast
heldt dei til med i kjellaren. Og dei som
styrde der var kokken med hjelparar.
(Brūdlaupskona, Graūtakona, Kaffikona.)
47.–51. Desse storbryllaupa på 2-3-4
dagar er det for lenge sidan slutt med.
Det fanst vel eit og anna hilt fram
til förste verdskrigen. Men etter 1920
var det nesten aldri vi höyrde om slike
storveitsler her i bygdene.
Mange er det no som held små bryllaups
lag ~~på~~ anten i byen eller oftast på hotellet
her i bygda. Dei har då middag der,
med same dei kjem frå kyrkja, og so
eit par mål til ūtetter kvelden. (Kaker
smörbröd dessar ~~...~~). Dette kan vera på
ein yrkedag, men oftast på söndag.
Somme leiger gjerne eit forsamlings-
hūs (ungdomshūset) og held bryllaup:
Då varer det 1 dag frå morgon til kveld.
Det hender noe at nokon reiser til
byen og vert vigde der (på byfūtkontoret,
ūtan å halda noko festleg lag, men det
er sjeldan. Dei fleste held eit lite sam=
kome heime.
Dei som inkje held noko lag etter gif=
tinga, får likevel sendt til seg gåver.
Då samlar dei desse gjevarane i eitt lag
seinare.
Fest på årsdagane for bryllaupet er noko
heilt nytt som inkje var kruvisa för.
Mine foreldre visste inkje av noko slikt.
Det höyrde storfolket i byane og embets=
folket til. No i seinare tid (ei 20–30

8453

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

år) har det ogso vorte vanleg ute på bygdene. Men sjeldan noko meir enn sylv og gullbryllaup.

6. Gravøl:

52. Bearlaget, den grenda som høyrde med i dei ymse gravøl, var fastsett med faste grenser for kvar gard, og desse vart bedde. Ein bad ikkje nokon utanom denne grensa. Men nære slektningar eller gode venner og kjenningar som ein gjerne ville ha med i gravferda, dei vart bedne sjølv om dei ikkje høyrde med til gravølgrenda (beargrenda.)
2–3 dagar før gravferda gjekk ein rundt på gardane og bad. Helst var det mannen sjølv som gjekk. Men var det han som låg lik, då fekk enka ein av grannane eller helst ein av slekta til å gå rundt med beinga. „Dokke må gjere vel å kome ~~heimat~~ i garan til oss fredag. Då skal me ha nå Ola til jorda."
„Å er det då det skal vere, ja du skal ha takk me skal kome".
Var det ein av borna som var død, bad dei ikkje anna mann og kone. Men når det var eit vaksen som skulle „jordast" da bad dei alle vaksne i kvart hus. (Ikkje tenestfolk.)

53. So langt attende som nokon kan minnast her i bygda so har ikkje gravølet vart meir enn 1 dag. Men det kunne treffe seg slik at slektningar som budde langt ifrå kom kvelden før, og stogga der til dagen etter. Måltida gravølsdagen var berre 2 stk. Folket kom i 10–11 tida om

8453

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

54. Fyremiddag. Då vart dei sessa til lange=
bord (bakstebord). Maten var den same som
i bryllaupa, Jomse kaker og brødsortar opp
skorne i store skiver med kaffi til.
Øl i eldre tid, men det kan ingen no
minnast. So var det mat når karane
kom att frå kyrkjegarden. Kvinfolka var
innje med dit i min barndom.x) Dette
2dre målet var so jamse. Eg veit at
det stundom var graut, men ofte var
det ogso kaker som første målet.

55. Vi veit innje av nokon matsort som
innje kunne nyttast i ei gravferd.

56. Nei, vi veit innje noko sérskilt namn
på måla. Men ein gang, vi sat og åt
grauten etter attkoma frå kyrkjegarden,
då høyrde eg ein gamal mann sa:
„Ja, dette er brudagrauten hennar". Det
var ei ung gjente som var død. (1900)

57. Før vart gravøla altid haldne i
heimane sjølv om husa var små. Det er
først no i seinare tid at dei leiger
eit forsamlingshus (bedehus) til gravferda.
Eller i eit skulehus).

58. 59. 60. Ingen eg har tala med kan
minnast sikert om dei kom med mata
sendingar til gravølet. Eg kan innje
minnast noko om det. Men somme
av dei gamle held det innje ütrulig at
det har vore skiken eingong for lenge
sidan.

61. Sjå nr. 56. Kan innje seia noko
sikert om dette.

62. Det vanlege no er at folket sjem tel,
og det er berre 1 mål, etter ein sjem att frå

x) no fylgjer dei altid med.

8453

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kyrkjegarden. Som ei radikal overgangsform kan nemnast at somme meiner ein ikkje skal ha noko matselskap ein slik dag. Dei syrgjande har nok å stare med likevel. Men det har ikkje slått igjennom. Folk vil koma saman og hygge seg med mat og drikke også i gravferdene.

63. 64. Der har aldri vore bygt på noko slag rusdrikk her i bygda i noko graveöl so langt attende som eg veit om. Det same seier dei som er eldre enn eg. Men lenger attende har det nok vore både öl og brennevin (iallfall öl) trur dei gamle. Men her er ingen levande tradisjon om dette.

Det er vel nokso sikkert at ålvåret og sorga i slike lag gjorde at ein slutta ~~langt~~ mykje för med dei gamle drikkeskikkane i graveöla enn i festar og lag av andre slag.

65. Det er lenge no sidan det var 2 mål i gravferder. Minst 20-25 år. No går ikkje folket heimanfrå för dei har fått seg middagsmat. So kjem dei til graveölsgarden i 1/2 1-1 tida. Når dei so kjem att frå kyrkjegarden er det mat, kaffi og smörbröd. For nokre år sidan var det skikk å koma med kjötkakesendingar til graveölet. No er det mykje slutt med det. Men smörbrödmålet er ofte flott som på eit hotell.

Alle som er i graveölet vert bedde om å koma attende til gr. garden til dette målet, Dei vert ikkje bodne einskildsvis,

8453

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

men det vert sagt til alle i nokre få ord, før dei går ut frå heimen.

66. Nei. Ingen av dei eldste som no lever veit om at det har vore brukt alkohol i gravøla. Og ikkje er det brukt no. +)

67. Nei, eg trur knapt at nokon her har nytta hotella til gravferdsmiddag.

68. 69. Nokon annan skriftleg innbyding enn gjennom avisene kjenner vi ikkje til her. Dødsfallet vert altid kunngjort i ei avis, og då set dei innbydinga i same lysinga. Oftast slik: „Alle som vil fylgje til grava er hjarteleg velkomne."

Denne skikka har kome litt om senn gjennom dei siste 30–40 år. No er det berre denne måten som vert brukt.

Men i den første tida vi tok til med lysing i avisene då sette vi ikkje innebyding attåt. Vi gjekk på gardane og bad. (1915–1925.) Far min døydde i 1922. Døds=lysing sette vi i avisa, men eg gjekk sjølv på gardane og bad folket.

F. Nye festar.

70. 17de mai. Nei, her er ingen tradisjon om maten på denne dagen, det eg veit om. Men litt betre enn på ein vanleg yrkedag er det nok med flestalle.

71. Eg trur at ~~at~~ morsdagen vert feira nokso mannjamnt no, men so gamall er skikka ikkje. Frå kring 1930–35 har det vakse på litt etter litt. Men først etter siste verdskrig har det vorte fast skikk i alle huslydar.

+) Eg reknar at kaffi kom i bruk i 80 åra. Før den tid må ølet ha vore i bruk også i gravøla.

8453

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

72. Nei, farsdagen har inkje fått fotfeste enno. Mange tykkjer det er berre tøv. Men eg fekk meg 2 bløtkaker i år. Det var første gongen.

73. Det går helst på bløtkaker eller konditorklingor.

74. Anten bakar kvinfolka sjølv det dei treng på desse dagane, eller dei kjøper det med bakaren i bygda. Stundom kanskje båe deler. Ja, bakarane både i byen og bygdene lyser ut i blada alle slaga fine kaker til mors og farsdag. Og desse lysingane gjer nok ogso sin stor verknad.

75. Først vart desse dagane kjend gjennom avisene, (dei første åra.) (So var det „eksempelets makt“.) Dei såg det av kvarandre. Sidan ogso gjennom vikeblad og radio. Eg har nemnt desse spreidingskjeldene etter den rekkefylgje som eg trur dei har hatt den største verknad.

Det er undarleg å leggje merke til kor-mange av dei store endringane i skikkar og livemåte har vi gjenge i tida attemåt då dei 2 verdskrigane herja verda. Då rakna det gamle og noko nytt fekk liv. Mykje av dette nyer vi glad for. Men sumt er vel ogso eitt dårleg byte.

Ei ung gjente oppvaksa i ein heim med dårleg økonomi sa det slik: „Det er fælt å tenkja på at det laut verte 2 verdskrigar, før oss kunne få liva som anna folk.“

Det er mange i bygdene våre som kan seia det same. Det er syrgjeleg, men det er sant.

8453
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING